

## Fagrådet – Sakliste

**Føremål:** Fagrådet

**Møtetid:** 12.september 2019 kl 10.00 – 14.00

**Stad:** Dale – helsetunet – Virtuelt møterom [997972@vm.nhn.no](mailto:997972@vm.nhn.no), alt. [997972@uc.nhn.no](mailto:997972@uc.nhn.no)

<b>Deltakarar</b>			
<b>Namn</b>	<b>Tittel</b>	<b>Eining</b>	
Randi Ytrehus	Kommunalsjef	Bremanger kommune	
Elin Sørbotten	Samhandlingskoordinator	KS Sogn og Fjordane	
Jan Helge Dale	Kommuneoverlege	Flora kommune/Koordineringsrådet	
Kristin Bruland	Kommunalsjef	Jølster kommune/ SIS	
Hilde Tenold,	rådgevar pleie og omsorg	Vik kommune	
Kjersti Valvik	tenesteleiar bistand og omsorg	Fjaler kommune/ HAFS	
Trine Vingsnes	Fagdirektør	Helse Førde HF/ Koordineringsrådet	
Mads Rekve	avdelingssjef Psykisk Helsevern	Helse Førde HF	
Margunn Thue	stadleg leiar Lærdal sjukehus	Helse Førde HF	
Laila Haugland	Avdelingssjef medisin	Helse Førde HF	
Tone Holvik	Samhandlingssjef	Helse Førde HF	
Tom Guldhav	Klinikkdirektør KIR	Helse Førde HF	
<b>Observatørar:</b>			
Jan Ove Tryti	PKO	Helse Førde/ Sogn	
Normund Svoen	PKO	Helse Førde HF/ Sunnfjord	
Anne Stubdal	PKO	Helse Førde HF/ Nordfjord	
<b>Sak nr.</b>	<b>Tema:</b>	<b>Tidsrom:</b>	<b>Ansvar:</b>
23/19	Velkommen, godkjenning innkalling og sakliste	10.00 – 10.10	Randi Ytrehus
24/19	Godkjenning av referat frå siste møte		
25/19	Val av nytt fagråd Endring i representasjon og leiarfunksjon i fagrådet – gjeld frå novembermøtet	10.10	Elin Therese Sørbotten og Tone Holvik
26/19	Orientering frå praksiskonsulentane Legeråd – felles samhandlingsfora på legesida	10.20	Praksiskonsulentane Anne Stubdal
27/19	Samhandlingsavvik	10.50	Irene Barmen Hoel
28/19	Drøfting av LIS-situasjonen i spesialisthelsetenesta og kommunehelsetenesta. Uavklarte problemstillingar både i høve til samfunnsoppdraget og i høve til stabil rekruttering – kva gjer HFD og kommunane?	11.10	Trine Vingsnes / Jan Helge Dale
29/19	Prehospital plan – prosess og «headlines»	11.30	Tom Guldhav
30/19	Handlingsplan for å eliminere hepatitt C – samla plan for kommunane og Helse Førde – opprette arbeidsgruppe	11.40	Trine Vingsnes

<b>Ca kl 11.50 Føremiddagsmat</b>			
31/19	Stortingsmelding: Leve heile livet – informasjon frå kommunehelsetenesta	12.30	Elin Therese Sørbotten og Randi Ytrehus
32/19	Vel heim – orientering frå HFD	12.50	Marte Lode
33/19	Allmenlegar med eit år praksis i sjukehus i samband med allmenlegespesialisering (LIS 3)	13.05	Trine Vingsnes
34/19	Status elektronisk meldingsutveksling på polikliniske konsultasjonar. Elektronisk kommunikasjon for ergo- og fysioterapeutar	13.30	Gudny Bukve / Randi Anne Fauske / Elin Sørbotten
35/19	Revisjon av Helse Førde sin strategi for forskning og innovasjon.	13.40	Marit Solheim
Eventuelt omvisning på helsetunet			
Vi ber om at flest mogleg legg opp til samkøyring og tek kontakt med aktuelle å samkøyre med.			

## Saksgrunnlag:

Sak 24/19

### Fagrådet – Referat

**Møtetid:** 10.april 2019 kl 10.00 – 14.00

**Stad:** Sogndal omsorgssenter

<b>Deltakarar</b>			
<b>Namn</b>	<b>Tittel</b>	<b>Eining</b>	<b>Forfall</b>
Randi Ytrehus	Kommunalsjef	Bremanger kommune	
Elin Sørbotten	Samhandlingskoordinator	KS Sogn og Fjordane	
Jan Helge Dale	Kommuneoverlege	Flora kommune/Koordineringsrådet	
Kirstin Bruland	Kommunalsjef	Jølster kommune/ SIS	videodeltaking
Hilde Tenold,	rådgjevar pleie og omsorg	Vik kommune	
Kjersti Valvik	tenesteleiar bistand og omsorg	Fjaler kommune/ HAFS	videodeltaking
Trine Vingsnes	Fagdirektør	Helse Førde HF/ Koordineringsrådet	x
Mads Rekve	avdelingssjef Psykisk Helsevern	Helse Førde HF	
Margunn Thue	stadleg leiar Lærdal sjukehus	Helse Førde HF	
Laila Haugland	Avdelingssjef medisin	Helse Førde HF	videodeltaking
Tone Holvik	Samhandlingssjef	Helse Førde HF	
Tom Guldhav	Klinikkdirektør KIR	Helse Førde HF	
<b>Observatørar:</b>			
Jan Ove Tryti	PKO	Helse Førde/ Sogn	
Normund Svoen	PKO	Helse Førde HF/ Sunnfjord	
Anne Stubdal	PKO	Helse Førde HF/ Nordfjord	

--	--	--	--

Sak nr.	Referat:
13/19	Leiar av fagrådet Randi Ytrehus innleia med å takke Sogndal for invitasjon, før innkalling og sakliste vart godkjend.
14/19	Referat frå siste møte godkjend utan merknad
15/19	<p>Praksiskonsulentane orienterte om</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1) pakkeforløp psykiatri under planlegging saman med forløpskoordinatorane – kva er fastlegane si hovudoppgåve? Henvisningsmalar under arbeid – vert breidda ut samstundes med orienteringsbesøk i kommunane. Omfattande arbeid</li> <li>2) Etter møte med FTL der auka kontakt med klinikanane i HFD vart etterspurd har dette vorte betra. God respons.</li> <li>3) Fagdagar for praksiskonsulentar 23.mai med ulike tema i programmet, og paneldebatt om praksiskonsulentar i framtida.</li> <li>4) Møte med legane på medisinsk klinikk med fokus på manglande epikrise til sjukeheimsavdelingane. Epikriser går til fastlegar</li> <li>5) Videokonsultasjonar på lokalsjukehusa for å redusere lange transportar for pasientane. Nevrologisk avdeling velgjer ut aktuelle polikliniske pasientar som kan få dette tilbodet.</li> <li>6) Grunnkurs for allmennlegar – orientering om PKO-ordninga om samhandlinga mellom HFD og kommunane.</li> </ol> <p>Deling av synspunkt på at alle pakkeforløp er rigga utfrå kulturen i spesialisthelsetenesta, og at dette er noko som kan skape vanskar for oppfylgning i kommunehelsetenesta.</p>
16/19	Irene Barmen Hoel deltok på video, og presenterte statistikk over samhandlingsavvik frå fyrste kvartal 2019 - sjå eigen presentasjon. Samhandlingsjefen synte elles til generelle tilbakemeldingar på at begge samhandlingspartar vert vurdert som «for dårlege» på funksjonsvurderingar av pasientar.
17/19	<p>Prosjekt «barn som pårørende»- Tone Holvik og Elin Therese Sørbotten orienterte om prosessen i utarbeiding av rutine jmf sak 5/19 – sjå eigen presentasjon. Litt diskusjon omkring kva som er det beste for barnet? Innspel til at også syskjen vert skrive inn på sjekklista i tillegg til foreldre og barn sin sjukdom. Kvalitetssikring i høve til ei adresse i kommunane - helsestasjon og/ eller koordinerande eining.</p> <p>Konklusjon; Forslaget om ny rutine vert justert i samsvar med diskusjon i fagrådet. Vidare går saka til Koordineringsrådet for endeleg avgjerd.</p>
18/19	<p>Evaluering av årets erfaringskonferanse vart presentert av Jan Helge Dale, Elin-Therese Sørbotten &amp; Tone Holvik.</p> <p>Gode tilbakemeldingar i evaluering av konferansen. Fagrådet diskuterte utviklingskvaliteten på innhald, og stiller spørsmål om det at «vi snakkar om oss sjølve» samt gjentakning av same tema kanskje bør justerast for seinare konferansar..</p> <p>Gruppearbeid gav tilbakemelding på;</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1) samordning av medikamentliste</li> <li>2) Inn- og utskrivingsrutinar – funksjonsvurdering – viktig med nye verktøy!!</li> <li>3) Legane må vere med på erfaringskonferansen – 9 frå kommunane og 2 frå HFD denne gongen</li> <li>4) Trass i betring av elektronisk samhandling – viktig å snakkast likevel!</li> <li>5) Polikliniske konsultasjonar må ta i bruk PLO-meldingar</li> </ol>

	Erfaringskonferansen bør vidareførast, men det vart peika på at legeleiarane må prioritere denne konferansen – det krev langtidspanlegging....
19/19	<p>Prosjektleder Gry Albrektsen presenterte løypemelding om legevaktspilot i Sogn og Fjordane. Eigen PP-presentasjon fylgjer referatet. Prosjekt for innfasing av legeteneste via telemedisin i møte med pasient og sjukepleiar i kommunehelsetenesta i fem kommunar.</p> <p><u>Fokus vår 2019</u></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Telemedisinsk løysing</li> <li>• Bemanning og kurs</li> <li>• Tryggleik for befolkninga</li> <li>• Forsking i gang</li> <li>• Opplæring i rute</li> <li>• Følge opp avtaleutvikling</li> </ul> <p>Første satelitt vert starta opp i Balestrand i september i år – prosjektperiode til desember 1921.</p>
20/19	Telemedisinansvarleg HFD Jarle Øen deltok på video, og presenterte status i tilrettelegging og bruk av telemedisinske løysingar. Orienteringa vart teken til vitande.
21/19	Tone Holvik og Elin-Therese Sørbotten orienterte om prosess rundt noko mindre vesentleg endring av innhald i delavtalene; Tilvisning og innlegging i sjukehus. Utskriving frå sjukehus og Tekniske hjelpemiddel, behandlings-hjelpemiddel og medisinteknisk utstyr. Endringa kjem som fylgje av endring i lovverket om ansvarsområdet. Det vart referert til endringsteksten, og fagrådet gjorde fylgjande vedtak; Tekstendringa vert sendt til kommunane som orientering og vedlegg til eksisterande avtale.
22/19	Eventuelt; Sak om lymfedrenasje – endring i pasienttilbod er no eit kommunalt ansvar. Jocelyn Astbury og Stig Igland deltok på video, og orienterte om overføring av ansvar for tilbod til menneske med lymfeødem. I perioden fram til 01.02.2020 vil pasientar få tilbod i HF. Dette tidsvindauga vil gje kommunane høve til å utdanne eigne terapeutar før avvikling av tilbodet ved Førde Sentralsjukehus. Informasjonsskriv går ut til kommunane etter orientering i fagrådet i dag. Fagrådet tek informasjonen til vitande.
	<p>Evaluering av dagens møte; gode videofasilitetar og eit godt møte med viktige tema.</p> <p>Omvisning Sogndal omsorgssenter v/ Jan Ove Tryti</p>

## Sak 25/19 Val av nytt fagråd

Orientering om oppnemnte representantar i møte.

## Sak 26/19 Orientering frå praksiskonsulentane

## Sak 27/19 Samhandlingsavvik

Irene Barmen Hoel held orientering i møte.

### Felles ordning for registrering og oppfølging av avvik og uønskte hendingar som gjeld samhandling.

Formelt utgangspunkt: Rammeavtalen mellom Helse Førde og kommunane, pkt 9, inneheld føresegnar om felles ordning for rapportering og oppfølging av meldingar om avvik og uønska hendingar som gjeld samhandling:

*«For å tilretteleggje for gjennomføring av avtalen og kontinuerleg læring og forbetring, skal partane ha ei avklara ordning for melding av avvik og uønska hendingar i høve til samhandling. Det skal også vere eit avtalt system for oppfølging av avvika og dei uønska hendingane i fagrådet og koordineringsrådet. Partane forpliktar seg til å implementere naudsynte rutinar i eigen organisasjon for å følgje opp dette systemet.»*

Fagrådet og koordineringsrådet sine oppgåver i høve til dette er omtalt slik:

Fagrådet:

«Vurdere meldingar om avvik og uønska hendingar som gjeld samhandling med tanke på læring og systemforbetring».

Koordineringsrådet:

«Drøfte rapportar om avvik og uønska hendingar som gjeld samhandlinga».

I 2013 vart det av koordineringsrådet nedsett ei arbeidsgruppe med to representantar frå Helse Førde, og to frå kommunane/KS.

**Konklusjon koordineringsrådet 22.11.12 (sak 15/12):**

«Det vert sett ned ei arbeidsgruppe med to representantar frå kvar av partane som gjer ei nærare vurdering av føremålstenleg felles avviksordning og rapporteringsform. Partane oppnemner sine representantar så snart som råd. Frist for arbeidet vert sett til 01.03.13.»

**Oppgåve**

Arbeidsgruppa skal utarbeide eit samla framlegg til felles ordning for registrering og oppfølging av avvik og uønska hendingar som gjeld samhandlinga mellom partane. Denne ordninga skal kunne inngå som ein del av eit samla system for pasienttryggleik og kvalitet. Arbeidet skal ikkje omfatte vurdering av felles teknisk løysing. Det vil i regi av regionalt program i Helse Vest, «Støtte til samhandling», bli gjennomført eit prosjekt for å vurdere om det på sikt kan vere mogleg med eit felles IKT-basert meldesystem. Kommunane i regionen vil også vere representert i dette arbeidet. Arbeidsgruppa skal ta utgangspunkt i noverande tekniske løysingar og vurdere korleis ein kan oppnå ei mest mogleg rasjonell felles ordning for melding, registrering og oppfølging av avvik og uønska hendingar i tråd med måla for arbeidet. Ordninga skal vere enkel å nytte, og arbeidsgruppa skal vurdere tiltak for implementering og bruk av ordninga i helseføretaket og i alle kommunane. I arbeidet skal inngå ein definisjon av omgrepa «avvik» og «uønska hendingar». Det skal gjevast ein grunngeven omtale av kva typar av hendingar som bør meldast.

**Arbeidsgruppe**

Partane har oppnemnt desse medlemmane i felles arbeidsgruppe:

- Rådmann Alf Olsen jr, Lærdal kommune
- Kommunalsjef Kirstin Bruland, Jølster kommune
- Rådgevar Irene Barmen Hoel, Helse Førde
- Samhandlingssjef Vidar Roseth, Helse Førde

Gruppa konstituerer seg sjølv. KS og Helse Førde ivaretek sekretariatsfunksjonen etter nærare avtale. Medlemmane i arbeidsgruppa representerer organisasjonane som har oppnemnt dei. Dette inneber at dei kommunale representantane representerer kommunane i fylket/KS og ikkje eigen funksjon eller enkeltkommunar. Medlemmane frå Helse Førde representerer helseføretaket. Medlemmane skal vektlegge å forankre arbeidet hos dei som dei representerer og syte for kommunikasjon med desse.

Det vart utarbeidd ei felles ordning for avvikshandtering innan samhandling, og utarbeidd ein rapport med handlingsplan/Prioritering av tiltak som kom ut April- 2014.

## Oppdatert informasjon kring arbeidsgruppa 2019

Det føreligg fortsatt ei arbeidsgruppe som har møtepunkt fleire gonger pr år. Ei av oppgåvene til denne gruppa er å halde dei regionale dagssamlingane kring avvik. Dette vart sist gjort i 2018, og ein planlegg no for nye samlingar 2020.

Medlemmane i arbeidsgruppa er endra, og arbeidsgruppa består no av følgande medlemmar:

- Irene Barmen Hoel, rådgevar Helse Førde
- Tone Holvik, samhandlingssjef Helse Førde.
- Kirstin Bruland, kommunalsjef Jølster kommune.
- Elin Sørbotten, samhandlingskoordinator kommunane S&Fj.

*Spørsmålet gruppa stillar pr no er kva som vert viktig at ein jobbar med framover, korleis klarar ein å skape læring/endring som følgje av avvikshandteringa ?*

**Arbeidsgruppa har fått følgande innspel frå helse og omsorgsutvalet:**

*Helse og omsorgsutvalet ser utfordringar med at det er mykje dei same avviksmeldingane som går att, og kommunane opplev fortsatt i enkelte høve at ein ikkje får svar på sendte avvik. Det er viktig for kommunane at ein jobbar med og får på plass felles elektroniske løysingar på avviksmeldingar.*

*Det må vere ei openheit rundt avvika mellom føretak og kommunar begge vegar slik at ein kan skape læring for alle partar.*

Det pågår mykje prosjektarbeid rundt i organisasjonane, både kvar for seg men også felles. Helse og omsorgsutvalet er oppteken av at dei prosjekta som kan betre tenestene og føre til mindre avvik mellom kommune og HF må prioriterast som eit ledd i behandlinga av samhandlingsavvika.

Møteplassar er viktig, og ein ser behov for og ynskjer at ein opprettheld regionale dagssamlingar. Eit ynskje er auka fokus i desse samlingane på korleis ein skal melde/svare på avvik, og gå meir inn og studere/arbeide med case i staden for mykje statistikk.

Avvika vert presentert i fagrådet, helse og omsorgsutvalet ynskjer at ein i dette foraet også skal ha tydelgare og meir inngåande presentasjonar rundt dei avvika som går att for å kunne skape endring og diskusjon rundt dei viktige avvika.

**Arbeidsgruppa stillar no same spørsmålet til fagrådet**, kva vert viktig at ein jobbar med framover, korleis klarar ein å skape læring/endring som følgje av avvikshandteringa ?

Sak 28/19 Drøfting av LIS-situasjonen

Sak 29/19 Prehospital plan – prosess og «headlines»

Sak 30/19 Handlingsplan for å eliminere hepatitt C

Sak 31/19 Stortingsmelding: Leve heile livet

Reforma Leve heile livet vart lansert i Mai 2018.

*«Reforma Leve heile livet skal bidra til at eldre kan meistre livet lenger, ha trygghet for at de får god hjelp når de har behov for det, at pårørende kan bidra utan at de blir utslitt og at tilsette kan bruke sin kompetanse i tenestene. Meldinga sitt hovudfokus er å skape et meir aldersvennlig Norge og finne nye og innovative løysingar på de kvalitative utfordringane knytt til aktivitet og fellesskap, mat og måltider, helsehjelp, samanheng og overgangar i tenestene»*

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-15-20172018/id2599850/>

Presentasjon av reforma i møte.

Sak 32/19 Vel heim

Sak 33/19 Allmenlegar med eit år praksis i sjukehus i samband med allmenlegespesialisering (LIS 3)

Sak 34/19 Status elektronisk meldingsutveksling på polikliniske konsultasjonar. Elektronisk kommunikasjon for ergo- og fysioterapeutar

Sak 35/19 Revisjon av Helse Førde sin strategi for forskning og innovasjon